



# SELJE KOMMUNE

## Kommunestyret

### Møtebok

**Møtedato:** 14.12.2015

**Møtetid:** Kl. 14:00 – 17:00

**Møtested:** Selje Hotel

**Saksnr.:** 087/15 - 097/15

---

#### **Følgjande medlemmer møtte**

KRF: Ordførar Stein Robert Osdal, Raymond Myren.

TP: Gunnar Silden, Judith Kvåle, Terje Ødegård, Andreas Rundereim.

FRP: Marita Aarvik, Anfinn Sjøstad, Svein Hansen, Anne Lise Drage.

SP: Gunn Sande, Kjetil Friberg.

UAVH: Veronica Hatlenes

H: Geir Årvik

---

#### **Følgjande medlemmer møtte ikkje**

TP: Jan Vidar Smenes

H: Kenneth Brandal

AP: Åge Lundebrekke

Alle hadde gjeve melding om forfall til møtet.

---

#### **Følgjande varamedlemmer møtte**

TP: Arve-Martin Husevåg

H: Kjetil Vetrhus

AP: Per Egil Hellebust

---

#### **Følgjande frå administrasjonen møtte**

Økonomisjef Geir Kvisten og rådmann Ørnulf Lillestøl, som og førte møteboka.

---

#### **Merknad til innkallinga**

Ingen

---

#### **Merknad til saklista**

Ingen

Kommunestyret vedtok å handsame fylgjande sak:

Sak nr. 097/15 Gbnr. 35/32 – Kjøp av grunn Kjerringa på Vestkapp – Selje kommune

#### **Orientering – sak 091/15:**

Saka vart trekt i Kommunestyret.

Som det går fram av Formannskapet sitt framlegg 25.11.15 skal saka takast opp på nytt og med synfaring i neste Formannskapsmøte, før den vert handsama i Kommunestyret.

Etter godkjend møteplan 2016 vert neste møte i Formannskapet 28.01.16

17 voterande

Kl. 18.00 var det middag med innbedne gjestar og merksend med gåver til tilsette.

Kulturpris 2015 vart delt ut til Stig Magne Ødegård.

Idrettspris 2015 vart delt ut til Tone Beate H. Drage.

## Følgjande saker vart handsama

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
087/15	Godkjenning av møtebok
088/15	Referatsaker
089/15	Reglement for innkjøp - Selje kommune
090/15	Områdereguleringsplan - Stad Skipstunnel - Selje kommune
091/15	Søknad om tildeling av tomt i Krakereid Bustadfelt - Vederlagsfritt
092/15	Innføring av eiendomsskatt - Kjøp og installasjon av Komtek eiendomsskattmodul
093/15	Busetting av flyktningar 2016-2017
094/15	Krisesenteret i Sogn og Fjordane
095/15	Avgifter og gebyr 2016
096/15	Budsjett 2016 - Økonomiplan 2016 - 2019
097/15	Gbnr. 35/32 - Kjøp av grunn Kjerringa på Vestkapp - Selje kommune

**Tilleggsaker:** 097/15

**Utskrift protokoll:** Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

**Utskrift møtebok:** Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

**Signatur:** \_\_\_\_\_



# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Kommunestyret	14.12.2015	087/15

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 15/621
---	----------------------	-----------------------------

## Godkjenning av møtebok

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 16.11.15 vert godkjent slik den ligg føre.

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
04.12.2015	Møtebok KS 16.11.15.pdf	71480

### **Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2015**

17 voterande

### **KS-087/15 VEDTAK**

Møteboka frå møte 16.11.15 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	14.12.2015	088/15

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 15/620
---	----------------------	-----------------------------

## Referatsaker

### Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	15/5286	I	19.11.2015	Vest Kontrollutvalssekreta riat	Møtebok Kontrollutvalet 23.09.15
2	15/5301	I	07.12.2015	Rådmann	Forslag til møteplan 2016

### Tilleggsreferat:

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

### Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2015

17 voterande

### Tilleggsreferat:

- 3.Reisemål Stryn og Nordfjord - Forespørsel om aksjeutviding i selskapet.
- 4.Raymond Myren – Vedk. Legekantor på Stad

**KS-088/15 VEDTAK**

1. Teke til vitande.

2. Møteplan 2016 vart godkjend slik den ligg føre.

3. Vil bli teke opp som eiga sak i Formannskap/Kommunestyret i starten på 2016.

4. Rådmann la fram notat «Legekontoret på Stad» og orienterte i saka.

Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	07.12.2015	104/15
Kommunestyret	14.12.2015	089/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Reidar Sandviknes	FE-	15/614

## Reglement for innkjøp - Selje kommune

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
3	U	05.11.2015	Rådmann / Økonomisjef / Revisor Selje	Innkjøpsreglement til uttale
1	I	01.12.2015	Reidar Sandviknes	Forslag til reglement

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
01.12.2015	Innkjøpsreglement Selje kommune-versjon 1.docx	71317

### Opplysningar til saka

Dette reglementet og tilhøyrande prosedyrer er laga for å lette og sikre at innkjøpsarbeidet til ein kvar tid er innafør *Lov om offentlege anskaffingar, vedtekte avtaler, etiske retningslinjer og budsjett for Selje kommune*.

Målet for innkjøpsarbeidet i kommunen er å kjøpe og forvalte dei varer og tenester det er behov for på ein måte som fører til mest mogleg effektiv ressursutnytting for heile kommunen.

Gjennom EØS avtalen er Noreg plikta til å følgje eit internasjonalt regelverk for offentlege anskaffingar. Regelverket skal medverke til auka verdiskaping i samfunnet basert på nokre grunnleggjande prinsipp, som ein finn i *Lov om offentlege anskaffingar (LOA)*.

Grunnleggjande prinsipp i dette reglementet er då basert på LOA, kommunelova og lokale/fylkeskommunale føringar:

- Alle innkjøp skal ha sitt grunnlag i vedteke plan og budsjett

- Alle innkjøp skal skje i samsvar med vedteken rutine i kommunen
- Innkjøp skal følgje gjeldande lover og forskrifter.
- Kravet kommunen har til helse, miljø og tryggleik skal følgjast
- Innkjøpsavtaler som er inngått og gjort gjeldande av kommunen, skal nyttast.
- Eit kvart kjøp skal så sant det er mogleg baserast på konkurranse og forretningsmessigheit.
- Val av leverandør gjennom objektive og ikkje-diskriminerande kriteria.
- Likebehandling av leverandørar/tilbydarar.
- Forvaltningslova sine reglar om habilitet gjeld.

Reglementet er delt inn i avsnitt med desse overskriftene:

- Mål og strategi
- Innleiande bestemmingar
- Organisering og ansvar
- Ethiske prinsipp for innkjøp
- Innkjøpsprosessen
- Anbod og kontrakt
- Varemottak og betaling ( henta frå økonomireglementet K-sak 70/2014)
- Tilvising ( henta frå økonomireglementet K-sak 70/2014)
- Skildring av prosedyre for innkjøp

#### **Lover/regelverk**

- LOA: Lov om offentlige anskaffingar av 16. juli 1999 nr 69.
- FOA: Forskrift om offentlige anskaffingar av 7. april 2006 nr 402.
- EØS-avtalen
- WHO-avtalen
- Kommunelova
- Delegasjonsreglement for Selje kommune
- Økonomireglement for Selje kommune

#### **Saksgang**

Kommunestyret gjer vedtak

#### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Selje kommunestyre vedtek innkjøpsreglementet slik det ligg føre, frå og med vedtaksdato.

#### **Handsaming i Formannskapet - 07.12.2015**

6 voterande

#### **Framlegg frå Formannskapet:**

Som tilråding frå administrasjonen, og med eit nytt punkt som fylgjer:

Der det er mogeleg innanfor regelverket vert det nytta lokale leverandørar av varer og tenester.



**Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 0 røyster for.

Framlegg frå Formannskapet fekk 6 røyster for. Samrøystes

**FS-104/15 FRAMLEGG**

Som framlegg frå Formannskapet.

**Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2015**

17 voterande

**Framlegg frå SP:**

Som framlegg frå Formannskapet.

Kommunestyret gjev rådmann fullmakt til å formulere ordlyden slik at den tek opp i seg Formannskapet sin intensjon på lovleg vis.

**Røysting:**

Framlegg frå SP fekk 17 røyster for. Samrøystes.

**KS-089/15 VEDTAK**

Selje kommunestyre vedtek innkjøpsreglementet slik det ligg føre, frå og med vedtaksdato og med eit nytt punkt som fylgjer:

Der det er mogeleg innanfor regelverket vert det nytta lokale leverandørar av varer og tenester.

Kommunestyret gjev rådmann fullmakt til å formulere ordlyden slik at den tek opp i seg Formannskapet sin intensjon på lovleg vis.

Samrøystes.

Utskrift til:

Sakshandsamar sender aktuelle



# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	25.11.2015	087/15
Kommunestyret	14.12.2015	090/15

<b>Sakshandsamar</b> Reidar Sandviknes Norconsult AS v/ Marit Mienna	<b>Arkiv</b> FA-Q64	<b>Arkivsak</b> 15/75
--	------------------------	--------------------------

## Områdereguleringsplan - Stad Skipstunnel - Selje kommune

### Dokumentliste

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Dok.dato</b>	<b>Avsender/Mottaker</b>	<b>Tittel</b>
19	I	07.10.2015	Høgre og Senterpartiet FRP	Synergieffekter frå bygging av Stad Skipstunnel
20	I	14.10.2015	NVE	Innspel til oppstart av områdereguleringsplan
21	I	21.10.2015	Bjarne Myrstad	Feil og manglar ved bruksnr på kart - Moldefjorden
22	I	22.10.2015	Vanylven kommune	Melding om vedtak
23	I	23.10.2015	Møre og romsdals fylkeskommune	Fråsegn til varsel om oppstart med planprogram
24	I	26.10.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Selje kommune - fråsegn til varsel om oppstart av arbeid med områdereguleringsplan for Stad skipstunnel og høyring planprogram
25	I	30.10.2015	Randi Humborstad	Innkalling til styringsgruppemøte for Stad skipstunnel 5. november
30	I	17.11.2015	Norconsult AS	Stad planprogram - revidert etter merknad fra fylkeskommunen
29	I	17.11.2015	Sogn og Fjordane kulturavd.	Stad skipstunnel - uttale
28	I	17.11.2015	Norconsult AS	Stad planprogram - innkomne merknader

### Vedlegg i saka

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
17.11.2015	Stad skipstunnel_ planprogram_ etter-høyringV02_2015-11-	70921

	09.pdf	
17.11.2015	Stad_skipstunnel-Merknadsskjema_oppstart.docx	70922

## Saka gjeld

Fastsetting av planprogram for områdereguleringsplan med konsekvensutgreiing for Stad skipstunnel.

## Opplysningar til saka

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for Stad skipstunnel mellom Moldefjorden og Kjøddepollen. Reguleringsplanen omfattar Stad skipstunnel med tilførselsvegar, naudsynt omlegging av eksisterande vegar både på Eidsstranda og på Kjøde, samt styringskaiar på begge sider av tunnelen. I tillegg skal det regulerast riggområde, anleggsvegar og permanente/mellombelse massedeponi på begge sider av tunnelen. Planen vil også regulere arealbruk i sjø innanfor planområdet.

Det er ein eksisterande reguleringsplan for Stad skipstunnel frå desember 2004. Denne tok utgangspunkt i eit mindre tunneltverrsnitt. Etter ei konseptvalutgreiing (KVU) i 2010 der lite og stort tunnel vart utgreidd, er vedtatt å gå vidare med det store tunnelalternativet. Større tverrsnitt på tunnel, omlegging av vegar, støttefunksjonar og krav til kvalitet i utforming av anlegget krev ny plan og eit større planområde.

Planprogrammet skal gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosess og opplegget for medverknad. Planprogrammet skal vidare fastsette mål for planarbeidet og omtale kva for alternativ som skal vurderast og kva utgreiingar som er naudsynt for at tiltaket sin verknad for miljø og samfunn vert tilstrekkeleg kjent. Sjølve reguleringsplanen skal utarbeidast ut frå det fastsette planprogrammet.

Formannskapet handsama forslag til planprogram i møte 27.08.2015 saksnr. 061/15 og fatta følgjande vedtak:

*Forslag til planprogram for reguleringsarbeid Stad skipstunnel vert med dette lagt ut til offentleg høyring i 6 veker, jfr. § 12-1 i Plan- og bygningslova.*

### Innkomne merknader og uttaler ved offentleg ettersyn:

Forslag til planprogram var ute på høyring i perioden 10.09.2015-22.10.2015, saman med varsel om oppstart av planarbeid. Det kom inn 19 merknader og uttaler, 7 frå private og 12 frå offentlege etatar og høyringsinstansar. 9 av merknadene er heilt eller delvis relevante for planprogrammet. Dei andre merknadene er i hovudsak retta mot planutforming og innhald, og vil verte tekne med i det vidare arbeidet med utarbeiding av framlegg til områdereguleringsplan.

På bakgrunn av mottekne merknader og uttaler er det gjort mindre presiseringar og korreksjonar i framlegg til revidert planprogram.

Alle innkomne merknader er samanfatta og kommenterte i merknadsskjema, vedlegg B

### Revisjon av planprogram:

Revidert planprogram ligg som vedlegg A.

Revisjonar er gjort på følgjande punkt:

- Kapittel 5.4 Naturmangfald er supplert med omtale av reguleringsarbeidet sett i forhold til Naturmangfaldslova, og med opplysningar om vassdrag med anadrom laksefisk.
- Kapittel 5.7 Forureining, Ytre miljøplan er supplert med vassforureining.
- Kapittel 6.4 Behov for utgreingar, utgreiingstema er supplert med:
  - Grunnvassnivå (under naturmangfald og –ressursar)
  - Supplerande tekst under kulturmiljø
  - Utslepp av finstoff under forureining
  - Rasfare er lagt inn under ROS saman med nye tema branntryggleik og klimaendringar. Det er presisert at rasfare også omhandlar sjøbotn.
- Framdriftsplanen er revidert og tilpassa planlagd dato for vedtak planprogram.

### **Lover/regelverk**

Plan og bygningslova §§ 4-1 og 12-9.

### **Sakshandsamar si vurdering**

Vurdering av innkomne merknader går fram av merknadsskjema, vedlegg B.

Endringane i planprogrammet etter offentlig høyring er presiseringar og utdjuping av tema som også er omtalt i høyringsutkastet. Det er ikkje gjort endringar på fokustema eller alternativ som skal utgreiast.

### **Konklusjon**

Rådmannen tilrår at planprogrammet vert fastsett.

### **Saksgang**

Kommunestyret gjer vedtak.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Kommunestyret godkjenner planprogram for områdereguleringsplan for Stad skipstunnel jf. PBL §§ 12-9 og 4-1, slik det ligg føre.

### **Handsaming i Formannskapet - 25.11.2015**

7 voterande

### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

**FS-087/15 FRAMLEGG**

Som tilrådinga frå administrasjonen. Samrøystes.

**Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2015**

17 voterande

**Røysting:**

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes.

**KS-090/15 VEDTAK**

Kommunestyret godkjenner planprogram for områdereguleringsplan for Stad skipstunnel jf. PBL §§ 12-9 og 4-1, slik det ligg føre.

Samrøystes.

Utskrift til:

Aktuelle partar



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet		
Formannskapet	07.12.2015	105/15
Kommunestyret	14.12.2015	091/15

Sakshandsamar Merete Nerland	Arkiv FA-H47	Arkivsak 15/251
---------------------------------	-----------------	--------------------

## Søknad om tildeling av tomt i Krakereid Bustadfelt - Vederlagsfritt

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
6	I	09.11.2015	Gunn Helgesen	Søknad om tomt i Krakereid bustadfelt.

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
10.11.2015	Situasjonsplan A1.pdf	70674
09.11.2015	Søknad om tomt i Krakereid bustadfelt.	70639
01.12.2015	Føresegner.pdf	71325
01.12.2015	Reg.plan.pdf	71326

### Saka gjeld

Søknad om å få tildelt 3 av tomtene i bustadfelt på Krakereid, vederlagsfritt..

### Opplysningar til saka

Foreldregruppa til 6 born med nedsett funksjonsevne har sida januar 2013 arbeidd med eit prosjekt for å skaffe framtidige bustader til sine born. Dei har i dialog med administrasjonen i Selje kommune sett seg ut tomt 9,10,og 11 i Krakeireid bustadfelt til dette prosjektet. Det er planlagt 6 bueiningar.

Foreldregruppa har brukt mykje tid på planlegging og mykje arbeid står igjen. Sida foreldregruppa skal stå for planlegging og oppføring av bustadane, søker dei Selje kommune om å få tildelt tomtene vederlagsfritt. Borna skal eige tomtene sjølve.

### **Sakshandsamar si vurdering**

Føresegnene til regleringsplan for bustadfelt på Krakereid §3.1.1, gjev planutvalet (formannskapet) høve til å gje løyve til at fleire tomter kan samanslåast.

Sakshandsamar har ingen motførestillingar mot at tomt 9, 10 og 11 vert slått saman og utnytta som omsøkt. Det viktigaste er at ein held seg innafor reguleringsplan m/føresegnene med omsyn til utnyttingsgrad, antall parkeringsplasser, byggjegranser, byggjehøgde m.m.

### **Prisen for ei 1 mål stor tomt i Krakereid bustadfelt er pr. i dag som følger:**

Tomtetekniske anlegg:	210 500,-
Tomtegrunn (54,4 pr m <sup>2</sup> ):	55 550,-
Vegareal:	9 600,-
<b>SUM</b>	<b>275 650,-</b>

Etter at fast dekke blir lagt, så vil kvar tomt få ei rekning på 15 000,-. Dette kjem i tillegg.

Før tomta er oppmålt og nye gards- og bruksnummer tinglyst og overført nye eigarar, så vil tomtekjøpar måtte betale for tinglysing/oppmåling/sakshandsaming (1050,-/16 360,-/1 790,-), dokumentavgift (6 891,-) og tilknytingsgebyr for vatn og kloakk ( 12 500,- + 12 500,-). Formannskapet/kommunestyret har ikkje høve til å gi fritak for betaling av tilknytingsgebyr for vatn og kloakk, men dei har høve til å gjere vedtak om å betale det sjølv.

Det er vanskeleg for sakshandsamar å tilrå i spørsmål om å overdra tomtene vederlagsfritt. På den eine sida er dette totalt sett kostnader/potensielle inntekter til kommunen på oppunder ein millon, på den andre sida er det viktig å leggje til rette for at denne type initiativ til dette føremålet vert ivaretatt. Det vil også vere eit poeng å sikre at føremålet dvs brukarane/bebuarane er i ein kategori som vil trengje bistand til bustad og bistand i bustad. Eigarane av einingane har tidlegare ytra ynskje om å eige og disponere bustadene fritt og soleis kunne selje til den dei ynskjer i framtida. Det vil kunne bli problematisk for Selje kommune å «sponse» bustader som kan verte seld på den opne marknaden. Eit vilkår for reduserte tomtekostnader bør då vere ei binding mot å selje fritt, evt ein klausul som inneberer at tomtereduksjon er eit tilskot som må attendebetalast dersom bueininga vert seld utanom målgruppa.

### **Konklusjon**

Søklar kan få løyve til å slå saman tomt 9, 10 og 11 i Krakereid bustadfelt for å byggje 6 bueiningar som omsøkt, under føresetnad av at dei held seg innafor reguleringsplan m/føresegner med omsyn til utnyttingsgrad, antall parkeringsplasser, byggjegrænse og byggjehøgde.

### **Saksgang**

Formannskapet kjem med tilråding til kommunestyret som gjer endeleg vedtak.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Søkjjar får løyve til å slå saman tomt 9, 10 og 11 i Krakereid bustadfelt for å byggje 6 bueiningar som omsøkt, under føresetnad av at dei held seg innafør reguleringsplan m/føresegner med omsyn til utnyttingsgrad, antall parkeringsplasser, byggjegrænse og byggjehøgde.

Søkjjar får tilskot fordelt på kvar bueining/eigar tilsvarende tomtekostnad jmf oppsettet i saksutgreiinga. Dersom bueininga vert seld til andre enn hovudmålgruppa må tilskotet attendebetalast til kommunen. Det vert utferdiga retningslinjer for dette tilskotet som sikrar bruk og evt. attendebetaling av tilskotet.

### **Handsaming i Formannskapet - 07.12.2015**

6 voterande

#### Orientering frå sakshandsamar, dat. 03.12.15:

I tilrådinga skal det stå 7 bueiningar i staden for 6.

Nye opplysningar syner at dette prosjektet er aktuelt for ein person i tillegg til dei 6 nemnde.

#### **Framlegg frå ordførar:**

Formannskapet er positive til tiltaket, men vil utsette saka til neste møte i Formannskapet. Formannskapet ynskjer synfaring saman med utbyggjar på dei aktuelle tomtene.

#### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 0 røyster.

Framlegg frå Formannskapet fekk 6 røyster. Samrøystes.

#### **FS-105/15 FRAMLEGG**

Som framlegg frå Formannskapet.

### **Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2015**

Saka vart trekt.

#### **KS-091/15**





# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	25.11.2015	098/15
Kommunestyret	14.12.2015	092/15

<b>Sakshandsamar</b> Geir Kvisten	<b>Arkiv</b> FE-232	<b>Arkivsak</b> 14/450
--------------------------------------	------------------------	---------------------------

## **Innføring av eiendomsskatt - Kjøp og installasjon av Komtek eiendomsskattmodul**

### **Saka gjeld**

Kjøp og installasjon av programvare i forbindelse med innføring av eiendomsskatt i Selje kommune.

### **Opplysningar til saka**

I forbindelse med innføring av eiendomsskatt i kommunen, har man gått til innkjøp av Komtek eiendomsskattmodul. Komtek er et system for kommunal fakturering som Selje kommune har hatt i bruk i fleire år. Modulen for eiendomsskatt er helt nødvendig for å kunne holde orden på de ulike eiendomstakstene i kommunen, i tillegg til at systemet også har et grensesnitt mot matrikkelen.

Systemet er kjøpt og tatt i bruk, men i ettertid ser vi at dette kunne vært definert som et investeringsprosjekt, og vi har derfor opprettet et investeringsprosjekt på denne. Vår anbefaling er at dette flyttes fra driftsregnskapet, og over til investering.

### **Saksgang**

Endelig vedtak i kommunestyret.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Investering i Komtek eiendomsskattmodul, prosjektnummer 1507, vedtas med kr. 210 000 ex. Mva. Kjøpet finansieres ved bruk av ubrukte lånemidler.

## **Handsaming i Formannskapet - 25.11.2015**

7 voterande

### **Endra tilråding frå administrasjonen:**

Investering i Komtek eiendomsskattmodul, prosjektnummer 1507, vedtas med kr. 270 000 ex. Mva. Kjøpet finansieres ved bruk av ubrukte lånemidler.

### **Røysting:**

Endra tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

### **FS-098/15 FRAMLEGG**

Som endra tilråding frå administrasjonen. Samrøystes.

## **Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2015**

17 voterande

### **Røysting:**

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes.

### **KS-092/15 VEDTAK**

Investering i Komtek eiendomsskattmodul, prosjektnummer 1507, vedtas med kr. 270 000 ex. Mva. Kjøpet finansieres ved bruk av ubrukte lånemidler.

Samrøystes.

Utskrift til:

Revisor

Andre aktuelle partar



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	07.12.2015	
Kommunestyret	14.12.2015	093/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Svein Barmen	FA-F30	15/179

## Busetting av flyktningar 2016-2017

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
24.11.2015 13:32:40	Oppmoding om busetting av flyktningar i 2016	71125

### Saka gjeld

Oppfølging av sak K-059/14 og brev frå IMDI om busetting av flyktningar i 2016.

### Opplysningar til saka

Kommunestyret gjorde i sak K-059/14 vedtak om å ta imot 10 flyktningar i 2015 og planlegge for ytterlegare 10 i 2016 og 2017.

IMDI oppmodar kommunen i brev dat. 24.11.2015 om å busetje 20 flyktningar, av desse 5 einslege barn og unge i 2016, og planlegge for minst 23, av desse minst 8 einslege barn og unge for 2017. Grunnen til dette er auka behov for busetting av flyktningar generelt og at mange av dei som kjem til landet no er mindreårige.

Kommunen har så langt i år busett 13 personar frå mottak, 4 familiegjeforente og ventar 1 ung vaksen frå mottak som skal slutte seg til familien sin i desse dagar. Oppsummert vil Selje kommune i 2015 totalt busetje 18 personar.

Kommunen sine plantal for 2016 og 2017 var 10 nye kvart år. Dette er det teke høgde for i framlegget til budsjett for 2016. Det er også teke høgde for at det kan bli ein del familiegjeforening utover dette.

Når det gjeld mottak av einslege mindreårige er dette ei ny problemstilling som ikkje tidlegare har vore til vurdering. I fylgje brevet frå IMDI vil dette i stor grad vere ungdomar mellom 15 og 18 år. Eit slikt mottak vil krevje at desse anten blir plassert i fosterheim, eller at kommunen etablerer ein institusjon med bemanning der desse kan bu. I tillegg vil ein trenge verje og tilsynsførarar til desse ungdomane.

## **Lover/regelverk**

Introduksjonsloven  
Barnevernsloven

## **Finansiering**

Integreringstilskot gjennom IMDI knytt opp mot kvar enkelt flyktning

## **Sakshandsamar si vurdering**

Selje kommune bør vere innstilt på å ta sin del av ansvaret med å busetje og integrere dei flyktningane som kjem til landet. I 2015 tek kommunen imot nesten det dobbelte av det som var planlagt.

Kommunen har til no ikkje nokon plan eller apparat for å ta imot mindreårige på ein god måte. Det er i tillegg ei utfordring at ungdomar i aldersgruppa 15 – 18 år skal gå på vidaregåande skule. Selje kommune har ikkje eigen vidaregåande skule. Ungdomar frå Selje kommune går på vidaregåande skule i nabokommunane, og ein del bur på hybel.

## **Konklusjon**

Som ein del av den nasjonale dugnaden bør kommunen klare å busetje 15 flyktningar i 2016 og ha som plan og målsetjing å kunne busetje 15 i 2017.

Når det gjeld mottak av mindreårige har ikkje kommunen utgreidd dette.

## **Saksgang**

Formannskapet tilrår. Kommunestyret gjer vedtak

## **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Selje Kommune vil busetje 15 flyktningar i 2016 og har som plan og målsetjing å kunne busetje 15 i 2017.

Administrasjonen vert bedd om å utgreie tilhøva rundt mottak av mindreårige flyktningar.

.....

## **Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2015**

17 voterande

## **Orientering:**

Saka er ikkje sett på sakskartet eller handsama i Formannskapet.

## **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 17 røyster for. Samrøystes.

## **KS-093/15 VEDTAK**

Selje Kommune vil busetje 15 flyktningar i 2016 og har som plan og målsetjing å kunne busetje 15 i 2017.

Administrasjonen vert bedd om å utgreie tilhøva rundt mottak av mindreårige flyktingar.

Samrøystes.

Utskrift til:  
Aktuelle partar



# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	25.11.2015	096/15
Kommunestyret	14.12.2015	094/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Ørnulf Lillestøl	FA-H43	14/552

## Krisesenteret i Sogn og Fjordane

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	30.09.2014	Krisesenteret Sogn og Fjordane	Budsjett 2015
2	I	23.10.2015	Flora kommune	Samarbeidsavtale om krisesenter til handsaming i kommunane
4	I	16.12.2015	Gulen kommune	Avtale om interkommunalt krisesentertilbud. Avvikling av samarbeidet

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
19.11.2015	Ny samarbeidsavtale 2015 Endeleg og godkjent 160915 Krisesentertilbud.pdf	70164

### Saka gjeld

Syner til gjeldande avtale om interkommunalt krisesentertilbud, mellom Flora kommune som vertskommune og Selje kommune.

Samarbeidsavtalen gjeld for frå 01.01.2012 til 31.12.2015. Samarbeidsutvalet for krisesenteret har utarbeid framlegg til ei ny avtale som ikkje har tidsavgrensa varighet.

Samarbeidsutvalet har også utarbeidd ein evalueringsrapport som er lagt ved saka. Evalueringsrapporten som omhandlar samarbeidsavtalen – krisesenteret i Sogn og Fjordane, vart handsama i KS sitt fylkesstyre 23.juni 2015. Det vart gjort følgjande vedtak i saka:

*«Fylkesstyret sluttar seg til dei vurderingane som er gjort i saken om at det ikkje er muleg å verken oppløyse eller verksemdsoverdra Stiftinga Krisesenteret i Sogn og Fjordane med sikte på vidare kommunal drift.*

*Fylkesstyret vil tilrå at samarbeidskonstellasjonen som er etablert mellom Krisesenteret og kommunane v/Flora kommune som vertskommune om kjøp av krisesentertjenester, vert vidareført.*

*Fylkesstyret viser til evalueringsrapporten, der styret i stiftinga Krisesenteret i Sogn og Fjordane tilbyr kommunane ein styreplass. Fylkesstyret oppmodar om at ei slik ordning vert etablert.»*

### **Finansiering**

Ved årlig budsjettildeling (ca 220.000,- i 2015).

### **Sakshandsamar si vurdering**

Avtalen om interkommunalt krisesentertilbod er heimla i Lov om kommunale krisesentertilbod, §1 til §10, og etter Kommunelova kap. 5A §28. Pr i dag er alle kommunane i Sogn og Fjordane deltakarar i avtalen.

Kostnadsfordelinga mellom kommunane skal skje ved at ein fordeler totalbudsjett for tiltaket på den einskilde kommune sin indeks for rammetilskot frå staten. Vertskommunen føretek denne fordelinga kvart år i samband med årsbudsjett, og melder til dei andre kommunane.

Oppseiingstida for avtalen er eit år og fyl budsjettåret. Oppseiing skal skje skriftleg til vertskommunen.

### **Saksgang**

Kommunestyret fattar endeleg vedtak om avtale

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Selje kommune sluttar seg til den nye samarbeidsavtalen med Flora kommune som vertskommune for Krisesenteret i Sogn og Fjordane.

Selje kommune forpliktar seg som deltakar i ordninga til å svare for den økonomiske kostnaden som følgjer av fordelinga kommunane i mellom.

Selje kommune tek evalueringa av samarbeidsavtalen til orientering.

### **Handsaming i Formannskapet - 25.11.2015**

7 voterande

### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

**FS-096/15 FRAMLEGG**

Som tilrådinga frå administrasjonen. Samrøystes.

**Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2015**

17 voterande

**Røysting:**

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes.

**KS-094/15 VEDTAK**

Selje kommune sluttar seg til den nye samarbeidsavtalen med Flora kommune som vertskommune for Krisesenteret i Sogn og Fjordane.

Selje kommune forpliktar seg som deltakar i ordninga til å svare for den økonomiske kostnaden som følgjer av fordelinga kommunane i mellom.

Selje kommune tek evalueringa av samarbeidsavtalen til orientering.

Samrøystes.

Utskrift til:

Aktuelle partar





# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Råd for eldre og funksjonshemma	24.11.2015	001/15
Formannskapet	25.11.2015	097/15
Kommunestyret	14.12.2015	095/15

<b>Sakshandsamar</b> Svein Barmen	<b>Arkiv</b> FE-231	<b>Arkivsak</b> 15/456
--------------------------------------	------------------------	---------------------------

## Avgifter og gebyr 2016

### Vedlegg i saka

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
18.11.2015	Gebyr og betalingsatsar 2016 - 01.01.2017.pdf	70949

### Saka gjeld

Fastsetting av gebyr og betalingsatsar for 2016.

### Opplysningar til saka

Oppdatering av gebyr og betalingsatsar for 2016.

Selje kommune samlar etter oppdrag frå revisor alle gebyr kravd inn av kommunen i eitt hefte. Gebyrauken samlar stort sett opp prisauken siste året. Ein del av gebyra er fastsett av staten gjennom Statsbudsjettet 2016. Det er ennå ikkje gjort vedtak om dette, og difor er det i heftet gjort plass til å føre desse inn når dei er kjende. Ein har lagt til grunn ei kostnadsauke på om lag 3%. Prisane er avrunda.

### Lover/regelverk

Kommunelova kap 8

### Sakshandsamar si vurdering

Vedtak om gebyr og betalingsatsar er ein del av kommunen sin økonomiplan og skal handsamast som denne.

### Saksgang

Formannskapet legg sitt framlegg ut på høyring  
Kommunestyret gjer vedtak

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

«Gebyr og betalingsatsar 2016» vert lagt ut på høyring saman med budsjett for 2016. Satsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2016

Administrasjonen får fullmakt til å føre inn satsar som er fastsette av staten etter kvart som dei vert kjende.

### **Handsaming i Råd for eldre og funksjonshemma - 24.11.2015**

4 voterande

#### **Framlegg frå Råd for Eldre og funksjonshemma:**

Rådet ber Formannskapet å vurdere satsane for heimebaserte tenester og husleige i omsorgsbustadar på nytt. Rådet meiner at satsane er for høge.

Omlagging av bustøtteordninga gjer at denne gruppa no får urimelege bukostnader.

#### **Røysting:**

Framlegg frå Råd for eldre og funksjonshemma fekk 4 røyster for . Samrøystes.

### **EF-001/15 VEDTAK**

Rådet ber Formannskapet å vurdere satsane for heimebaserte tenester og husleige i omsorgsbustadar på nytt. Rådet meiner at satsane er for høge.

Omlagging av bustøtteordninga gjer at denne gruppa no får urimelege bukostnader.

Samrøystes

### **Handsaming i Formannskapet - 25.11.2015**

7 voterande

#### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

### **FS-097/15 FRAMLEGG**

Som tilrådinga frå administrasjonen. Samrøystes.

## **Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2015**

17 voterande

### **Fellesframlegg frå Kommunestyret :**

Som framlegg frå Formannskapet, men med fylgjande setning tilføya under punkt 6 i vedlegget (gebyrheftet): Viser til eige reglement for utleige.

### **Røysting:**

Fellesframlegg frå Kommunestyret fekk 17 røyster for. Samrøystes.

### **KS-095/15 VEDTAK**

«Gebyr og betalingsatsar 2016» har vore lagt ut på høyring saman med budsjett for 2016. Satsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2016.

Administrasjonen får fullmakt til å føre inn satsar som er fastsette av staten etter kvart som dei vert kjende.

Fylgjande setning tilføyast under punkt 6 i vedlegget (gebyrheftet):  
Viser til eige reglement for utleige.

Samrøystes.

Utskrift til:

Aktuelle partar



# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Råd for eldre og funksjonshemma	24.11.2015	002/15
Formannskapet	25.11.2015	099/15
Kommunestyret	14.12.2015	096/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Geir Kvisten	FE-150	15/424

## Budsjett 2016 - Økonomiplan 2016 - 2019

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
7	U	27.11.2015	Fjordenes Tidende / Heimesida	Annonse - Offentleg ettersyn
8	I	11.12.2015	Utdanningsforbundet	Uttale til budsjett

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
19.11.2015	Økonomiplan 2016-2019 rådmannens forslag.pdf	70982

### Opplysningar til saka

Kommuneloven prf 44 pålegger kommunene å utarbeide en økonomiplan en gang i året. Økonomiplanen skal være det viktigste plan- og styringsdokument for kommende fireårsperiode. Videre regulerer kml. Prf. 45 og 46, samt forskrift om årsbudsjett for kommuner, både om tidspunkt for vedtak, årsbudsjettets innhold, og bestemmelser om årsbudsjettets oppsett.

I forhold til fjorårets avtale med Fylkesmannen, er Selje kommune forpliktet til å nedbetale det akkumulerte underskuddet på 12,3 mill. kroner i løpet av årene 2016, 2017 og 2018. Dette er det tatt høyde for i økonomiplanen, og er dermed å betrakte som Selje kommune sin forpliktende plan, i henhold til regelverket. Det innebærer følgelig at det blir mindre midler å fordele til driften av kommunens tjenester de neste fire årene.

Budsjettprosessen har vært krevende, siden det har vært til dels betydelig gap mellom inntektene til kommunen, og det konsekvensjusterte budsjettet som ble utarbeidet av

tjenestelederne tidligere i høst. Siden inntektene til kommunen langt på vei er gitt, danner det rammen for hvilket tjenestetilbud kommunen kan tilby. Utfordringen blir å få til et mest mulig effektivt tjenestetilbud innenfor de økonomiske rammene kommunen har. Det krever politiske valg i forhold til hvilke tjenestetilbud Selje kommune skal kunne levere i fremtiden.

### **Saksgang**

Endelig vedtak i kommunestyret

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

1. Forslag til driftsbudsjett for 2016, og økonomiplan for perioden 2017-2019 vedtas, jmf. Skjema 1A og 2B vedlagt, herunder mål og premisser for bevilgningene.
2. Forslag til investeringsbudsjett for 2016, og økonomiplan for 2017-2019 vedtas. Jmf. Skjema 2A og 2B vedlagt, herunder mål og premisser for bevilgningene.
3. Rammen for opptak av lån settes til 7,1 mill. kroner i 2016. Låneopptak skal skje i henhold til gjeldende finansreglement. For resterende bruk av lån i budsjettet (9,64 mill. kroner) benyttes ubrukte lånemidler på 2,54 millioner kroner.
4. Rådmannen gis fullmakt til å rebudsjettere pågående, ikke avsluttede investeringsprosjekter vedtatt for 2015, til 2016, når årets investeringsregnskap er ferdigstilt.

### **Handsaming i Råd for eldre og funksjonshemma - 24.11.2015**

4 voterande

#### **Framlegg frå Råd for eldre og funksjonshemma:**

Rådet for eldre og funksjonshemma tek tilrådinga frå administrasjonen til vitande.

#### **Røysting:**

Framlegg frå Råd for eldre og funksjonshemma fekk 4 røyster for. Samrøystes.

#### **EF-002/15 VEDTAK**

Rådet for eldre og funksjonshemma tek tilrådinga frå administrasjonen til vitande.

Samrøystes.

### **Handsaming i Formannskapet - 25.11.2015**

7 voterande

#### **Orientering:**

Rådmann informerte om motteke brev, dat. 23.11.15 frå Selje Næringsforening og Stadlandet Bedriftsforening vedk. eige-domsskatt på næring.

### **Felles framlegg frå Formannskapet:**

Som tilråding frå administrasjonen med fylgjande endring:

Pkt 1 vart endra med underpunkt:

Det vert ikkje innført eigedomskatt på næring.

Framlegg til ramme til religiøse føremål vert styrkt med 100.000,-

#### **Rammeområde drift og utvikling vert redusert med 715.000,-**

No vakant stilling på kommunalteknikk held fram ubesett i 2016. Innsparing kalkulert til 500.000,-

Innsparing i 2016 – Turistinformasjon - 100.000,-.

Kulturskulen vert lagt ned frå og med skuleåret 2016/2017 – Innsparing 115.000,-

#### **Rammeområde oppvekst vert redusert med 135.000,-**

Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre dei konkrete reduksjonane/endingane

#### **Rammeområde helse vert redusert med 100.000,-**

Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre dei konkrete reduksjonane/endingane.

### **Røysting:**

Fellesframlegg frå Formannskapet fekk 7 røyster for. Samrøystes.

### **FS-099/15 FRAMLEGG**

Pkt. 1:

Det vert ikkje innført eigedomskatt på næring.

Framlegg til ramme til religiøse føremål vert styrkt med 100.000,-

#### **Rammeområde drift og utvikling vert redusert med 715.000,-**

No vakant stilling på kommunalteknikk held fram ubesett i 2016. Innsparing kalkulert til 500.000,-

Innsparing i 2016 – Turistinformasjon - 100.000,-.

Kulturskulen vert lagt ned frå og med skuleåret 2016/2017 – Innsparing 115.000,-

#### **Rammeområde oppvekst vert redusert med 135.000,-**

Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre dei konkrete reduksjonane/endingane

#### **Rammeområde helse vert redusert med 100.000,-**

Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre dei konkrete reduksjonane/endingane.

Pkt. 2:

Forslag til investeringsbudsjett for 2016, og økonomiplan for 2017-2019 vedtas. Jmfr. Skjema 2A og 2B vedlagt, herunder mål og premisser for bevilgningene.

Pkt. 3:

Rammen for opptak av lån settes til 7,1 mill. kroner i 2016. Låneopptak skal skje i henhold til gjeldende finansreglement. For resterende bruk av lån i budsjettet (9,64 mill. kroner) benyttes ubrukte lånemidler på 2,54 millioner kroner.

Pkt.4:

Rådmannen gis fullmakt til å rebudsjettere pågående, ikke avsluttede investeringsprosjekter vedtatt for 2015, til 2016, når årets investeringsregnskap er ferdigstilt.

Samrøystes.

## **Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2015**

17 voterande

### **Felles framlegg frå Kommunestyret:**

Drift og utvikling	- kr. 350.000,-
Fellesråd (religiøse formål)	- kr. 100.000,-
Helse	- kr. 100.000,-
Oppvekst	- kr. 400.000,-

### **Røysting:**

Framlegg frå Formannskapet fekk 0 røyster for.

Fellesframlegg frå Kommunestyret fekk 17 røyster for. Samrøystes.

### **KS-096/15 VEDTAK**

Etter kommunestyret sitt felles oppsett med reduksjonar vert vedtaket som fylgjer:

Pkt. 1:

Det vert ikkje innført eigedomskatt på næring.

#### **Rammeområde drift og utvikling vert redusert med 350.000,-**

No vakant stilling på kommunalteknikk held fram ubesett i 2016. Innsparing kalkulert til 250.000,-  
Innsparing i 2016 – Turistinformasjon - 100.000,-.

#### **Rammeområde oppvekst vert redusert med 400.000,-**

Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre dei konkrete reduksjonane/endingane

#### **Rammeområde helse vert redusert med 100.000,-**

Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre dei konkrete reduksjonane/endingane.

Pkt. 2:

Forslag til investeringsbudsjett for 2016, og økonomiplan for 2017-2019 vedtas. Jmfr. Skjema 2A og 2B vedlagt, herunder mål og premisser for bevilgningene.

Pkt. 3:

Rammen for opptak av lån settes til 7,1 mill. kroner i 2016. Låneopptak skal skje i henhold til gjeldende finansreglement. For resterende bruk av lån i budsjettet (9,64 mill. kroner) benyttes ubrukte lånemidler på 2,54 millioner kroner.

Pkt.4:

Rådmannen gis fullmakt til å rebudsjettere pågående, ikke avsluttede investeringsprosjekter vedtatt for 2015, til 2016, når årets investeringsregnskap er ferdigstilt.

Pkt. 5. Eieendomsskatt (utegløymt i tilråding frå administrasjonen)

- \* Selje kommune vedtar å vidareføre eiendomsskatt med hjemmel i lov om eiendomsskatt § 2, for skatteåret 2016.
- \* I medhold av eiendomsskatteloven § 3, skal følgende utskrivningsalternativ benyttes for skatteåret 2016: G) Faste eiendommer i hele kommunen, unnateke verk og bruk og annan næringseiendom. Til kommunen vert rekna sjøområde ut til grunnlina.
- \* Eiendomskattesatsen vert satt til 4 promille.
- \* I medhold av eiendomsskatteloven § 7 kan kommunestyret ta stilling til hvilke eiendommer som eventuelt skal få fritak for eiendomsskatt, etter skriftlig søknad.
- \* Eiendomsskatten skal betales i to terminer.

Samrøystes.

Utskrift til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane





# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	25.11.2015	088/15
Kommunestyret	14.12.2015	097/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Kristian Nave	FE-611	15/584

## Gbnr. 35/32 - Kjøp av grunn Kjerringa på Vestkapp - Selje kommune

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dat	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	11.11.2015	Meteorologisk institutt	Kjøp av grunn - Kjerringa på Vestkapp

### Vedlegg i saka

Dok.dat	Tittel	Dok.ID
11.11.2015 09:12:05	Meteorologisk inst. Kontrakt for signering	70691

### Saka gjeld

Selje kommune har vore i drøftingar med eigaren, Meteorologisk Institutt, om å kjøpe gbnr. 35/22 på Vestkapp. Det ligg no føre avtale til signering.

### Opplysningar til saka

Denne eigedomen er ca. 5600 m<sup>2</sup> og har planføremål *Herberge/bevertning* i reguleringsplan Vestkapp frå 2007.

Selje kommune har vist interesse for å kjøpe eigedomen for å bidra til å utvikle Vestkapp. Eigedomen har vore taksert og partane er samde om kjøpesummen som er kr. 201.355,50,- Det må gjerast politisk vedtak før signering av avtalen.

### Finansiering

Kjøpet skal finansierast med ubrukte lånemidlar.

### **Sakshandsamar si vurdering**

Selje kommune vil kjøpe denne eigedomen for å bidra til ei god utvikling og sikre seg kontroll over dette viktige området på Vestkapp. Det er meininga å selje eigedomen vidare med vilkår som sikrar at eigedomen vert brukt i samsvar med kommunen sine målsetjingar. Kvernevik Holding AS har vist interesse for å kjøpe denne eigedomen som tilleggsareal.

### **Konklusjon**

Selje kommune inngår avtale om kjøp av gbnr. 35/32 på Vestkapp for kr. 201.355,50,-.

### **Saksgang**

Saka vert handsama i formannskapet og det vert gjort endeleg vedtak i kommunestyret.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Selje kommune vedtek å kjøpe gbnr. 35/32 på Vestkapp for kr. 201.355,50,- på dei vilkår som går fram av avtalen mellom Meteorologiske Institutt og kommunen.

### **Handsaming i Formannskapet - 25.11.2015**

7 voterande

#### **Fellesframlegg frå Formannskapet:**

Som framlegg frå administrasjonen med tillegg:

Disponering evt. vidare sal av eigedomen vert å komme tilbake til i eiga sak seinare.

Tillegg frå administrasjonen:

Finansiering av kjøpet vert dekkja ved bruk av unytta lånemidlar.

#### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 0 røyster for.

Fellesframlegg frå Formannskapet og tillegg frå administrasjonen fekk 7 røyster for. amrøystes.

### **FS-088/15 FRAMLEGG**

Selje kommune vedtek å kjøpe gbnr. 35/32 på Vestkapp for kr. 201.355,50,- på dei vilkår som går fram av avtalen mellom Meteorologiske Institutt og kommunen.

Disponering evt. vidare sal av eigedomen vert å komme tilbake til i eiga sak seinare.

Finansiering av kjøpet vert dekkja ved bruk av unytta lånemidlar.

## **Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2015**

17 voterande

### **Røysting:**

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes.

### **KS-097/15 VEDTAK**

Selje kommune vedtek å kjøpe gbnr. 35/32 på Vestkapp for kr. 201.355,50,- på dei vilkår som går fram av avtalen mellom Meteorologiske Institutt og kommunen.

Disponering evt. vidare sal av egedomen vert å komme tilbake til i eiga sak seinare.

Finansiering av kjøpet vert dekkja ved bruk av unyttta lånemidlar.

Samrøystes.

Utskrift til:

Aktuelle partar

